

Les i kyrkje- bladet

**I juni var det
basarladurdag på Ekse
i Eksingedalen.**

Les om det side 3

**6. september var det
Søndagsskulens Dag.**

Les om den side 6

**Bergen Diakonisse-
hjem driv Sjelesorg-
senter.**

Les om det side 7

**Frå farne tider har
denne gongen glimt
frå novembernummeret
i 1961.**

Les om det side 8

**23. oktober skal Den
Norske Ogelduo ha
konsert i Dale kyrkje.**

Les meir om den side 9

SOKNERÅDA PÅ SKULEBENKEN

Laurdag 5. september skipa Kyrkjeleg fellesråd til ein inspirasjonsdag for soknerådsmedlemer i Vaksdal prestegjeld.

På den dagen var det lagt opp til eit tema om Kyrkje - Heim - Skule der Ingebjørg Dale, nede til venstre, hadde innleiing. Det var også eit tema om Gudstenesteglede, der Per Fimreite, nede til høgre, hadde innleiing.

Denne dagen kan de lesa meir om på side 4 og 5.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 9. november 1998.

Bladet kjem ut i veke 50 som byrjar med 7. desember.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5280 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag

kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 44 54

Mobiltilf. 94 55 12 86

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,

5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5280 Dalekvam.

Leiar:

Dåpsopplæring

Som me kan lesa annan stad i dette kyrkjebladet har kristendomsfaget i skulen vorte mykje endra med den nye læreplanen L97.

Skulen skal gje undervisning, men ikkje trusopplæring i kristendom. I og med den endra situasjonen er det meir opp til foreldra om borna deira skal få opplæring i den tru som borna vert døypte til.


Men det er ikkje berre foreldra som her har eit ansvar. Kyrkjelyden må også sjå sitt ansvar, og leggja til rette for at borna får høyra Guds ord. Det må her tilføyast at kyrkja i dag alt driv ein god del slikt arbeid. Det er mellom anna utdeling av bøker til ymse aldersgrupper, 4-års samlingar og dåpshelsingar

Søndagsskulen er eit viktig alternativ når det gjeld dåpsopplæring.. I dei aller fleste bygder i Vaksdal kommune er det ein søndagsskule. I tillegg er det mykje anna kristent barnearbeid. Så tilboda er der, det er berre for oss foreldre å syta for at borna våre får nytta godt av dei.

Men det viktigaste er nok likevel den ballasten me sjølve kan gje borna våre gjennom song, bøn og forteljing.

Så lat oss gje borna det beste, Guds ord.

Ragnvald Kringlebotten

**KYRKJESTADEN**

DALE 100 ÅR

Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam.
Tlf. 56 59 61 20

KIRKENS SOS

Tlf. 815 33 300

Døgnope



Misjonsbasar på Ekse

"Du kjem vel heim til festen?"

Ja - det er et spørsmål man får når juni måned nærmer seg.

Festen det snakkes om, er ikke en hvilken som helst fest. Det er den årlige misjonsbasaren/-møtet på Ekse Grendahus, arrangert av misjonskvinneforeningen som arbeider for Norsk Luthersk Misjons-samband.

Festen er en tilstelling som starter lørdag (siste lørdag før St. Hans) kl. 13.00 med møte med tilreisende taler og sang. Deretter er det matøkt med nydelige smørbrød, tebrød, kaffe, saft og ikke å forglemme dravle. Så er det over til åresalg - 4 trekninger, og til slutt trekning av hovedgevinstene.

Det er ikke lite arbeid som ligger forut for et arrangement som dette, både når det gjelder små og store gevinster, - og bevertningen! Når så misjonsforeningen består bare av 5 ildsjeler - som har passert sin første ungdom - da fortjener de en stor takk!

Kjenner jeg damene rett, så er de nok i gang med forberedelsene til neste års prosjekt.

Denne gangen ble det sendt om-lag kr. 10.000,- til misjonen.

Margith Johnsen



Smørbrødene klargjøres av fv. Anny Gullbrå, Lillian Gullbrå, Ingunn Gullbrå, Anny Ekse og Ingebjørg Gullbrå.




Trekning er i gang.



Årene sjekkes.

Alle foto: Margith Johnsen



Inspirasjonsdag for sokneråda

Laurdag 5. september vart det skipa til inspirasjonsdag for sokneråda i Vaksdal prestegjeld. Det heile starta i Dale kyrkje med ein konsert ved trioen Tonetindar, biletet til høgre.

Tonetindar er samansett av fv. Jo Asgeir Lie, Lars Erik Haga og Margit Mørkve.

Foto: Fotograf Senderud

Som "inntogsmarsj" spela dei Lalmsmarsjen før dei framførde kjende og kjære salmar. Tove Margrete Nordmark takka dei med kvar sin blomebukett.

"Kyrkje - heim skule"

Etter konserten samlast me på BKK sitt kurscenter der Ingebjørg Dale innleidde om temaet "kyrkje - heim - skule".

-Den nye fagplanen for grunnskulen har innført eit nytt fag: KRL, eller Kristendom, Religion og Livssynskunnskap. Det er meininga at undervisninga i faget skal vera ope og inkluderande, der ein ikkje skal leggja for mykje vekt på ei bestemt tru. Det vert lagt vekt på forteljinga i dei ymse religionane, og alle skal ha kjennskap til dei, sa Ingebjørg Dale.

-Faget manglar trusopplæringa, og gjev foreldra større ansvar for å ta seg av opplæringa i den kristne trua. Faget vil, som dei andre faga i læreplanen, gå inn som ein del av temaarbeid.

Det skal ikkje gjevast fritak i undervisninga i dei einskilde faga. Det kan gjevast fritak for å framseia Fadervår og andre bønner, men ein skal kjenna innhaldet i dei. Det vil vera opp til dei einskilde skulane å forma undervisninga i tråd med læreplanen, og ein kan difor venta store lokale variasjonar.



Ingebjørg Dale avslutta med å spørja: Kvar når me borna etter dette? Ved dåp - kva med vegen vidare? Kor får foreldra støtte?

Gruppearbeid

Gruppearbeidet etter innleiinga resulterte i at ein såg på kva kyrkjelyden har å tilby og det kom også fram idear om nye tiltak.

Ting ein i dag har er:

Dåpsamtalar med foreldra, Tripp Trapp, helsingar på 1., 2., og 3. dåpsdag, utdelinga av bøker til 4-åringar, 3. klassingar, testamente til 5. klassingar og bibel til konfirmantane og ikkje minst er søndagsskulen ein viktig faktor i dåpsopplæringa.

Nye tiltak som vart fremja var:

Utvidinga av tida for konfirmantopplæringa, fadderhelsingar, samla foreldrepara, barnestoff i kyrkjebladet, dåpsgrupper, fadder i kyrkjelyden, katekettilsetjing og bibliotek på kyrkjekontoret.

Gudstenesteglede

Etter matpause hadde personalprest ved bispedømekontoret, Per Fimreite innleiing om temaet "Gudstenesteglede". Han bygde det heile opp rundt seks stikkord.

Ansvar: -Me har alle eit klart medansvar, sa Fimreite, og refererte til at me alle er ein del av "Kristi lekam". Presten, klokkaren, organisten og kyrkjetenaren må ikkje stå åleine om gudstenesta.

Kommunikasjon: Kva formidlar me? Gjev me svar på spørsmål folk stilte for 100 år sidan og ikkje i dag? Me når ut til mange, men ikkje inn. Me treng gje dei som kjem i kyrkja ei kjensle av at "her kjem me heim".

Erfaring: Me må læra oss å ta heile mennesket på alvor, og plasera bibelordet inn i mennesket sin røyndom.

Deltaking: Menneska må kjenna at dei tek del i gudstenesta. Me treng også fleire "antennekristne" som kommuniserer deltaking.

Gudstenesteglede:


Ein treng ikkje rasera gudstenesteforma, men eksperimentera og engasjera. Ein må også syngleggjera lekfolket i gudstenesta.

Kvalitet:

Vanar borgar ikkje for kvalitet. Omformar ein gudstenesta, må arbeidet vera prega av kvalitet. Forsongar- og lovsongsgrupper kan også vera med å gjera salmesongen betre, sa Fimreite, før han avrunda med å seia at årtusenskiftet truleg vil gje framvekst av grupper som kan koma med dommedagsprofetiar og spreia frykt om framtida. Mennesket vil søkja etter tru og svar i samband med det nye årtusenet. Me må ikkje erstatta denne frykta med likesæle i møtet med dei som søkjer. Vår oppgåve er å søkja - og å byggja opp, avslutta Fimreite.

Det heile vart så avslutta med ei gudsteneste i Dale kyrkje, der Per Fimreite heldt preike og me fekk syngja mange fine salmar frå den nye Salmer 1997.

Svein Tøsse



Som dei to bileta over syner, hadde folk frå ymse deler av Vaksdal kommune funne vegen til Dale på inspirasjonsdagen for sokneråda. Og alle fekk med seg nye tankar og idear heim til vidare arbeid. Og ikkje minst vart det tid til ein god del sosialt samvær.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

Søndags- skulens Dag

Søndag 6. september vart Søndagsskulens Dag skipa til på Stamnes. Det var Stamnes og Straume søndagsskular som stod for det praktiske.

Det heile tok til med familiegudsteneste ved Bård-Egil Dyrhol.

Etter gudstenesta var det matøkt og leiking, før det heile vart avslutta med ei songøkt.

Det var ikkje så mange med i år, berre omlag 50, men dei hadde alle ein triveleg dag på Stamnes.

Biletet til høgre syner barn og vaksne som syng søndagsskulesongar.



Foto: Magne Solhaug



Konfirmant- jubileum

Biletet til venstre syner dei som var med og feira 50-års jubileum som konfirmant i Vaksdal kyrkje søndag 13. september.

Me ser fv. Framme: Kjellaug Nordvik Bergstø, Berit Thomassen Rørvik, Ingebjørg Nyheim Jarleng og Jorunn Thunes Vik.

Bak fv. Åge Trulsen, Anders Thom, Reidar Herfindal og Oddvar Herfindal.

Foto: Bjørn Knutsen



Sjelesorgsenter

Bergen Diakonissehjem har starta eit nytt diakonalt tilbod, **Sjelesorgsenteret**

Sjelesorgsenteret er ein stad der menn og kvinner kan koma til samtale om livs- og trusspørsmål uavhengig av livssyn.

Dersom noko har trong for å ta kontakt med dei kan ein skriva eller ringja til: Sjelesorgsenteret, Ulriksdal 10, 5001 Bergen. Telefon: 55 57 57 75.

vist. I slike stunder vil orda frå Jesu munn kunna opplevast som ein open famn for oss: "Alle dei som Faderen gjev meg kjem til meg. Og den som kjem til meg vil eg såvisst ikkje støyta bort".

Jesus står med framstrakte armar og lengtar etter oss. Han vil lytte til vår klage og vår nød. Og Han kan gi oss den freden som går over all forstand. Jesus ynskjer å vere ei hamn for deg der du kan finne livd i livets mange stormar.

Helge Hitland

Tenk om det var di celle?

Tenk deg at fire grå vegger er alt du ser. Du veit nøyaktig kor mange skritt du kan gå frå den eine veggen til du når bort til den andre. Det er ikkje mange. For du har hatt god tid til å rekna ut at det området du har å bevega deg på i alt er ca. 2,5 kvadratmeter. Dette har vore di celle i fleire år. Ditt einaste "brotsverk" er at du ikkje kan fornekta di kristne tru. Så kjem tankane igjen:

-Når vil saka koma opp for retten, og kva vi domen verta? Vil du måtta bøta med livet er alt håp ute? Og er det eigentleg nokon som bryr seg med din fortvilte situasjon?

Dette kunne vore historie henta frå romartida og forfylgjing av kristne, men det er ikkje historie, det er nåtid. Det er Kristin E. Morlandstø i Norsk Misjon i Øst som skriv dette. Den misjonen fyller 50 år i 1998. Og framleis er det over 200 millionar menneske som bur i land der ein står i fare for å verta utsett for press og forfylgjing på grunn av si kristne tru.

Å bli tatt mot

Dagleg leiar ved Sjelesorgsenteret til Bergen Diakonissehjem, Helge Hitland har skriva ein andakt under tittelen: **Å bli tatt i mot.**

Har vi ikkje alle opplevd dagar i livet der vi kjende kor godt det var å bli tatt imot med omsorg? Kor godt gjorde det ikkje då vi som barn kunne springa til far eller mor med vår gråt og vår klage? Der blei vi tatt imot, der møtte vi ein open famn og der fekk vi trøyst.

Men er dette berre noko som høyrer barneåra til? Ei, langt ifra. I alle aldrar er det godt å møte menneske som bryr seg og vil høyre på oss. Alle opplever vi tunge dagar då alt veltar innover oss: Krav og bekymringar, skuffelse og nederlag, sorg og smerte. Er det ikkje på desse dagane vi treng nokon som er der? Ei utstrakt hand, eit lyttande øyre, ein arm å støtte seg til, ei skulder å gråte ved.

Men mange sit også med sære opplevingar. Det menneske vi så inderleg hadde bruk for, var ikkje der når vi trengte det aller mest. Eller det som verre var, vi opplevde å bli av-


Alt står i Guds faderhånd

Alt står i Guds faderhånd,
Hva han vil det gjør hans Ånd,
Av Guds nåde, til Guds ære
Evig glade skal vi være
I vår Herres Jesu navn!
I vår Herres Jesu navn!

Visse på at arv og lønn
Har vi med Guds egen sønn,
Av Guds nåde, til Guds ære
Evig glade skal vi være
I vår Herres Jesu navn!
I vår Herres Jesu navn!

Felles om hans liv og fred,
Lys og kraft og herlighet,
Av Guds nåde, til Guds ære
Evig glade skal vi være
I vår Herres Jesu navn!
I vår Herres Jesu navn!

Nikolai F. S. Grundtvig



Frå farne tider

Denne gongen tek med med glimt frå novemhernummeret i 1961.

Bispe skifte

Me kan lesa at biskop Ragnvald Indrebø gjekk av det året og Per Juvkam tok over.

Stamnes kyrkje 100 år

29. oktober 1961 var biskop Indrebø med på å feira at Stamnes kyrkje var 100 år.

Biletet nede til høgre syner glimt frå jubileet i 1961.

Me tek med ein prolog som Lasse Vassenden skreiv i det høvet.

*Til deg du Gudshus kjære
går tanken vår så tidt
frå framand stad.
På denne dag til ære
for Han du til er vigd.
Vi samla er så vidt
frå bygd og by -
frå fjord og fjære
og gjev deg hyllingskvad.
Med takk i hug og sinn -
du kvitkledd står
som pynta brur.
Vi møter han
som arme syndar finn -
Han som i det dulde bur.*

*Guds hushald er stort.
Eit sekel er kort -
det svinn som draumen så fort.
Tusen år
er som dagen i går.
Guds nåde enn når
frå din barndoms vår
til alderen set sine merke -
enno er Herren den sterke.
Guds ord til æva
som fjellet står fast,
om jorda ho beva
og allting brast.*

*Ætt etter ætt
i mannsaldrar lange
hit har vandra*


*frå Øystein visst.
Nordmannen kasta
dei gudane mange
vende seg om
til den Herre Krist.
Gudshus vart reist -
krossmerket heist
i fjordane trange.
Om huset var svart eller kvitt,
vegen til kyrkje dei fann.
Visst var det tungt og stridt,
men på bylgje
og ulend' dei vann.
Mannskraft drog
fram deira båtar.
Kvitskjorta skein så tidt og ofte
der båten glei fram over sjo.
Far og son på same tofte -
så sjeldan du ser det no.*

*Tidene skifter -
fred fylgjer ufred
til tiders ende.
Dei gamle skrifter
står fast ved den
bodskap dei sende:*

*Tankar til fred
og ikkje til tjon
sende Herren ned
med sin eigen son.
Må aldri ein levande dragnad
til Guds det heilage ord
slokna i folkegrunn -
mot vonløyse ber
du vår lagnad.
Kom då til Herrens bord,
høyr ord frå Hans eigen munn.*

*Vår takk vi sender
denne dag
til våre fedrar - frender
som i lag
har reist vår kyrkje.
Må signing fylgje
dei som arven opp skal ta,
at her ved helg -
og i sitt yrke
over land og bylgje
alltid må dei lukka ha.
Vår takk vi vender
Då opp til Deg
Som held Di hand i våre dagar.
Takk - takk - Du allting lagar.*

Til deg, du gudshus kjære . . .



På flukt i eige land

Flyktningerådet er tildelt TV-aksjonen i år. Den går av stabelen søndag 18. oktober.

Pengane som kjem inn, skal i all hovudsak gå til menneske som er på flukt i sitt eige land - såkalla internt fordrevne, og det er fire hovudområde. Det er Rest-Jugoslavia, Kaukasus, Colombia, og fire land i Afrika: Rwanda, Burundi, Kongo og Uganda.

Innsamlarane vonar på at flest mogleg vil vera med og støtta dette arbeidet med å gje av sine midlar.

Ny musikk for firhendig orgel

Når Den norske orgelduo legg ut på sin Hordalands-turne i oktober, har den musikk frå siste halvdel av vårt århundre på programmet.

Firhendig orgelspel var ynda i siste halvdel av 1700-talet og på 1800-talet. Etter at det lenge var blitt neglisjert, har det nå opplevd ein renesanse. Firhendig orgelspel mogleg-gjer ei nærast orkestral utnytting av instrumentet sitt klanglege potensiale, og orgelduoen ynskjer å gjera repertoaret (minst 200 verk finst) betre kjent.

Sju komponistar frå seks nasjonar vert representert. Det eldste verket er Clarke's frå 1954, medan det nyaste er Jon Laukvik sitt bestillingsverk for Den norske orgelduo frå 1996.

Den norske orgelduo består av Stig Wernø Holter (44) og Stein Johannes Kolnes (45).


Dei vert å høyra i Dale kyrkje fredag 23. oktober kl. 19.30.

BIBELTIMAR PÅ STANGHELLE BEDEHUS.

Søndag 25. oktober
Søndag 15. november
Søndag 6. desember
Emne: Glimt frå Esras bok
Møta tek til kl.18.00

Talar: Audun Hjellvik

Desse møta er eit samarbeid mellom Dale, Stanghelle og Vaksdal indremisjon



Kunst- og salsutstilling

Den Norske Israelsmisjon skipar til Kunst- og salsutstilling i Bergen

Av kunstnerar kan nemnast: Odd Dubland, Arne Mæland, Peder Leithaug, Aud Myklebust, Torill og Atle Haugland, Inger Dalland, Bjørg Simonsen, Ragnar Waagbø m.fl.

Tid og stad:
22. - 31. oktober
Grotten, Bokmiljø,
Strandgt. 71, Bergen
Open: 9-16.30,
Torsdag til 19.00,
Laurdag til 14.00.

VELKOMEN

KYRKJESKYSS?

Vi ynskjer å vite kven som har bruk for kyrkjeskysstil Vaksdal kyrkje.

Ring eventuelt

Sollaug Boge
Tlf. 56 59 71 44

ADVENTLEIR

FAGERTUN
27.11 - 29.11

4. - 7. KLASSE

For informasjon om Pris og påmeldingsfrist, ta kontakt med:

Norges Samemisjon,
Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.
Tlf. 55 31 65 06

9.00-14.0, ikkje onsdag.



ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

SNEKKER
KJELL NYSTED

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Trelast og byggevarer

 **DALE TRELAST** a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70

Dalegarden, 5280 Dalekvam

Nye Dale

VERTSHUS

5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02

Avd. Stanghelle 56 59 50 35



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping

Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto

i 2. høgda Dale Handelsforening

tlf. 56 59 79 80

Salg av nye og brukte biler

Service alle bilmerker

Karosseri og lakk

Bilberging



DALE BIL AS

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04
BOKS 124 - 5280 DALEKVAM



SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE


31.05 Ane Ulveseth Svensson
31.05 Martin Gjermo Schønning
31.05 Jacob Hårvik Tvedt
06.09 Charlotte Kindem Fotland
06.09 Guro Bolstad Hesjedal

BERGSDALEN

07.06 Eirik Mellesdal
07.06 Brage Mellesdal
20.09 Kristine Karlsen

VAKSDAL

06.08 Ingrid Jamne Vik



VIGDE




EKSINGEDALEN

29.08 Tove Flatekval og
Trond Engelsen

STAMNES

05.09 Trude Kallestad og
Sveinung Hope.
Velsigning av ekteskapet.




AVLIDNE



DALE

06.08 Astrid Eikevik, f.1916
09.08 Jens Stavland, f.1937




10.08 Svein Dalseid, f.1934
20.08 Jørn Madsen, f.1939
23.08 Hilborg Stavenes, f.1901
04.09 Ruth Eide, f.1920
05.09 Klara Gilje Vassenden, f.1923
06.09 Hjørdis Alice Dale, f.1913

VAKSDAL

02.08 Mary Margot O. Bakke, f.1926
09.08 André Kvamme, f.1977

EIDSLAND

06.09 Roald Nesse, f.1939



Johan J. Gullbrå er død

Johan J. Gullbrå døydde brått og uventa i heimen sin onsdag 23. september, nesten 60 år gamal. Dei siste 15 åra har Johan vore klokkar i Nesheim kyrkje, og har tidlegare vore med i Nesheim sokneråd i fleire år. Vi er takksame og glade for innsatsen han såleis har gjort på fleire vis i det kyrkjelege arbeidet i Nesheim sokn. Det vil verta eit sagn å ikkje ha han iblant oss lenger. Vi lyser fred over Johan J. Gullbrå sitt minne.

Helsing frå medarbeidarane
v/ Frode Kvamsøe

SALMEKVELDAR

Fredag 16.10 kl. 20. i Bergsdalen
Laurdag 17.10 kl. 16. i Eksingedalen
Søndag 18.10 kl. 19. i Vaksdal

Orgelkonsert i Dale kyrkje

Fredag 23.10 kl.19.30

«Den Norske Orgelduo»
Stig Wernøe Holter og
Stein Johannes Kolnes

« Fransk aften »

Orgelkonsert i Dale kyrkje

Fredag 20.11 kl.19.30

Kantorane
Tone Synnøve Øygard Steinkopf
og Olav Arne Steinkopf
presenterar
fransk orgelmusikk i
ord og tonar.

KONSERT

I DALE KYRKJE

Laurdag 28.nov. kl.17.00

Orkesteret «Fossegrimen»
og Margit Mørkve, sopran

ADVENTKONSERTAR I KYRKJENE VÅRE

DALE fredag 11.12 kl. 19.00
STAMNES laurdag 12.12 kl.16.
VAKSDAL søndag 13.12 kl. 19.
EKSINGEDALEN

søndag 20.12 kl.16.

Kollekt til kyrkjemusikalsk
arbeid

Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5280 Dalekvam

Velkomen til kyrkje



Fredag 16.oktober

BERGSDALEN kl.20. Salmekveld.

Laurdag 17.oktober

EKSINGEDALEN kl.16. Salmekveld.

18.oktober - 20.søndag etter pinse

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd. 50- og 60-års konfirmantar. Offer til Dale sokneråd.

BERGSDALEN kl. 11. Dyrhol. Offer til Nordhordland Indremisjon

VAKSDAL kl.19. Salmekveld.

Fredag 23.oktober

DALE kl.19.30 Konsert . Den Norske Orgelduo: Stig Wernøe Holter og Stein Johannes Kolnes.

25.oktober - Bots- og bededag

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd.
EKSINGEDALEN kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.november - Helgemessesøndag

NESHEIM kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Misjonsalliansen. Kyrkjekaffi.

DALE kl.18. Lysvesper. Kvamsøe. Prosjektkor. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

8.november - 23.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Bergen Søndags-skolekrets. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

STAMNES kl.17. Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til IKO. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

15.november - 24.søndag etter pinse

DALE kl.11. Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Offer til IKO. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

EIDSLAND kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Det Vestlandske Indremisjonsforbund.

BERGSDALEN kl.16. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til IKO. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

Fredag 20.november

DALE kl.19.30 Konsert v/kantorane Steinkopf. «Fransk aften».

22.nov. - Siste søndag i kyrkjeåret

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjons-samband.

STAMNES kl.11. F.Onstad Larsen. Nattverd. Offer til Den Vestlandske Indremisjon.

Laurdag 28.november

DALE kl.17. Konsert m/orkesteret «Fossegrimen» og Margit Mørkve.

29.november - 1.søndag i advent

EKSINGEDALEN kl.11. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

DALE kl.18. Lysmesse. Konfirmantane og prestane i Vaksdal.

6.desember - 2.søndag i advent

VAKSDAL kl.11. Høgmesse med allment skriftemål. Nattverd. Offer til Vaksdal kyrkjelyd.

NESHEIM kl.16. Lysmesse. Dyrhol.

Fredag 11.desember

DALE kl.19. Adventkonsert. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.

Laurdag 12.desember

STAMNES kl.16. Adventkonsert. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.

13.desember - 2.søndag i advent

DALE kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Dei fire diakoni-institusjonane.

BERGSDALEN kl.16. Lysmesse.

Kvamsøe. Offer til Norsk misjon i Øst.
EIDSLAND kl.18. Lysmesse. Dyrhol. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
VAKSDAL kl.18. Adventkonsert. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.

20.desember - 3.søndag i advent

EKSINGEDALEN kl.16. Adventkonsert.

ORKESTERMUSIKK OG SOPRAN-ARIER

I fleire år har orkesteret «Fossegrimen» hatt konsertar i Dale kyrkje. Også i år får vi høve til å høyra orkestermusikk i kyrkja vår som er så godt egna til dette.

I tillegg har dei med seg sopranen Margit Mørkve, som skal syngja ari-er frå oratorier som orkesteret har framført tidlegare. Vi får høyra vakre tonar frå «Messias» av Händel, «Skapelsen» av Haydn og «Paulus» av Mendelssohn. Margit Mørkve har vore på Dale tidlegare, og alle som har høyrte henne, veit at vi vil få høyre vakker song denne kvelden.

Orkesteret skal også spela musikk som er komponert av Johannes Hellene, mangeårig medlem i orkesteret, som fyller 80 år i år.

Komponisten Moussorgskij står også på programmet med nokre satsar frå «Bilder fra en utstilling».

ADVENTKONSERTAR

Det er ein fin tradisjon at lokale kor og korps samlast i kyrkjene våre framfor jul. Slik vert det også i år. Kantorane har valgt å kalla dei adventkonsertar fordi dei vert halde i adventtida. Det er noko med det å ikkje ta jula på førehand, men la tida før jul ha det særpreget som adventtida har.